

Til NVE

Dykkar ref. 201907463-75

## Naturvernforbundet sine kommentarar til tilleggsinformasjon og kost-nyttevurdering for Åmela

Vi viser til Sweco sin rapport "Åmela - vilkårsrevisjon: Oppdatert underlag hydrologi og vurdering minstevannføring" (Doknr. 10228452) og Tussa sin kommentar til denne. Vi i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda har nokre kommentarar til dette.

1. Sweco sin rapport gjeld berre Åheimselva og Norddalselva. Kva med Åmela? Er ikkje elva Åmela vurdert for minstevassføring?
2. Rapporten har primærfokus på minstevassføring for laks og sjøaure. Vi meiner det er eit snevert syn, og ønskjer at alle artar i elva skal takast omsyn til i vurderinga. Til dette treng ein undersøking av dei respektive elvene med tanke på biologisk mangfald, altså ei undersøking gjort av *ein uavhengig biolog*. Slik vert avgjerda for kva elev/elver som får minstevassføring gjort med grunnlag i den best tilgjengelege kunnskapen.
3. Vi er einig med Tussa om at naturlege hinder i Norddalselva bør vere som dei er. Vi bør ikkje tukle meir med naturen for å favorisere artar som er nyttig for oss (les: laks og sjøaure).
4. Det er klart at minstevassføring kostar, i pengar, slik som Tussa har skissert. Verdien til ein art eller ei elv vert då det same som nokon (les: Tussa eller straumkundane) er villege til å betale for at arten eller elva skal kunne halde fram med å leve. Men verdien til naturen er meir enn det som kjem til uttrykk i ein pengesum. Årsakene til å ta vare på naturen bør vere vel så mykje moralske som økonomiske. Tussa er snare med å skildre vanskane med å innføre minstevassføring i begge dei skildra elvene, og legg ikkje godviljen til for at det skal kome minstevassføring. Beslutningsgrunnlaget for minstevassføring i elvene bør ikkje verte avgjort av økonomi, men av økologi som forklart i punkt 2.

Vennleg helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

V/ Trude Nordal



**Naturvernforbundet**  
i Ørsta og Volda